



12.02.2024

# Årsrapport 2023

Kommunalt avløpstilsyn og  
vassforvaltning



Glen Arvid Valstad  
KAV

## Innhald

1.	Innleiing .....	2
1.1	Bakgrunn for samarbeidet.....	2
1.2	Tilsette .....	2
1.3	Lokal forskrift.....	3
1.4	Helse, miljø og sikkerheit .....	3
1.5	Kompetanseutvikling.....	3
1.6	Fokusområde.....	4
2.	Anlegga i Hallingdal .....	4
2.1	System .....	4
2.2	Tilstand .....	5
2.3	Målsetting.....	6
2.4	Slamtømming .....	7
3.	Tilsyn og søknadsbehandling.....	8
3.1	Søknadsbehandling .....	8
3.2	Tilsyn og kartlegging.....	8
4.	Budsjett og rekneskap .....	10
4.1	Rekneskap og budsjett 2023 .....	11
4.2	Budsjett .....	12
4.3	Fondsoversikt .....	13
4.3.1	Bakgrunn for fond .....	13
4.4	Faktura.....	14
5.	Informasjon .....	14
5.1	Varsel og rapportering.....	14
6.	Oppsummering, prioriterte arbeidsoppgåver framover .....	15
7.	Sluttkommentar .....	16

I vertskommuneavtala som regulerer samarbeidet pkt. 7 står det at vertskommuna avlegg årsrapport og rekneskap til deltakarkommunane. I årsrapporten gjer me ei utgreiing for KAV sitt arbeid i 2023, samt planar for 2024, samt ei oversikt over budsjettresultat og tankar om endring i budsjett for 2024.

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for samarbeidet

Gjennom eit forprosjekt vart det vurdert mogelegheit for samarbeid på tvers av kommunane for å klare kravet til sakshandsaming og tilsyn på spreidd avløp. Då forprosjektet var klart gjekk fem kommunar inn for å samarbeide: Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå og Ål. Det vart bestemt at Ål skulle vera vertskommune. Kontoret "Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning" forkorta til KAV vart plassert på Torpomoen, som hadde eigna lokale. Torpomoen ligg også relativt sentralt plassert for vårt arbeid med opprydding i spreidd avløp.

I medhald av vertskommuneavtala er kontoret sine hovudoppgåver:

1. Utredningsoppgåver, planlegging, kartlegging, tilsyn mv.
2. Utøve mynde for fagområdet til KAV
3. Ansvar for ny kontrakt på slamanbodet – Oppstart av ny kontrakt 01.03.2023
4. Prosesshandlingar
5. Publikumskontakt
6. Arbeid som står naturleg i samanheng med avtala si verkeområde
7. Vanndirektivet

Teknisk Leiarforum (TLF) har uttalerett i spørsmål av særleg betyding som rører ved alle kommunane, blant anna fastsetting av budsjett. Kontorleiar har møterett og rapporterer til teknisk leiarforum.

Det er også i avtala vist til at det skal vera ein kontaktperson frå kontoret ut til deltakarkommunane. Det er fastsette kven ved kontoret som er kontaktperson for den enskilde kommune, og dette er vidareformidla ut til kommunane. Oversikta ligg og på KAV si heimeside [KAV Hallingdal - Ål kommune \(aav.kommune.no\)](http://aav.kommune.no).

## 1.2 Tilsette

Ved starten av 2023 var me 5 tilsette ved kontoret. Me hadde likeins 150% sjukemelding, som er høgt for ein så liten avdeling. Dette skapte utfordringer med å få dei oppgåvane som låg til kontoret gjennomført på ein tilfredstillande måte, og det vart meir arbeid for enkelte ved kontoret. 01.03.2023, fekk me tilsett ein person som skulle ha som hovudoppgåve og følgje opp kap. 13 anlegg. Grunna sjukemelding, vart denne ressursen mykje nytta til tilsyn med kap. 12 anlegg slik av me fekk gjennomført dette.

Stillinga med 100% sjukemelding sa opp, grunna studier som skulle gjennomførast til hausten. Me fekk på plass ny i stillinga raskt. 50% resterande sjukemelding var også over hausten 2023, men den tilsette søkte om redusert stilling frå 2024. Me ser dermed behovet for og lyse ut etter ein tilsett til, dette med bakgrunn i redusert stilling for ein tilsett samt 50% som går over til vassområde frå nytt år.

Vassområdekoordinatoren hadde også sagt opp stillinga etter 4 år, men jobba ut året. Ny tilsett som tok over som kontaktperson i Hemsedal, var tidlegare vassområdekoordinator i Folldal, og tek dermed over stillinga som vassområdekoordinator for Hallingdal Vassområde når 2023 er over. Dette var utrolig flott for kontoret og kunne få ein kombinert stilling som koordinator for arbeidet med vassområde, samt rådgjevar for spreidd avløp.

Status ved utgangen av 2023. Me er no 5 tilsette ved kontoret, som samla utgjer 450% stilling. Me lyser ut ny stilling på nyåret i 2024.

## Stillingane ved kontoret fordeler seg slik pr. 01.01.2024:

50% leiar

350 % saksbehandlar/tilsyn spreidd avløp kap. 12 og 13

50% vassområdekoordinator.

### 1.3 Lokal forskrift

Hemsedal hadde lokal forskrift for kap. 12 avløpsanlegg. Då forskrifta hadde fleire punkt i seg, som gjorde at den ikkje var lovleg kunne den ikkje ligge til grunn for arbeidet som skulle gjennomførast. Etter ei tid med felleskontor ser me at det ikkje er naudsynt med lokal forskrift, då den sentrale forskrifta er streng og tydeleg nok. Dersom eit område har behov for eigne føresegner, kan dette leggest inn i nye reguleringsplanar.

### 1.4 Helse, miljø og sikkerheit

HMS – 2023. Covid er eit delvis avslutta kapittel med tanke på drift og organisering ved kontoret. Det har vore svært få eigenmeldingsdagar, og covid er å rekne som ein vanleg sjukdom. Dette har ikkje påverka kontoret. Dei lengere sjukemeldingane skuldast helse utfordring som ikkje er knytt opp mot arbeidssituasjon ved kontoret. Desse har blitt fulgt opp i hald med plan frå NAV.

Me fekk gjennomført mykje tilsyn i 2023, og me hadde ingen negative hendingar knytt til HMS i felt.

Den tilsette hjå oss om hadde teke på seg jobben som verneombod, vart sjukemeldt og slutta seinare i 2023. Me har dermed ikkje fått gjennomført vernerunde som tenkt med verneombod, men har tatt dette opp i gruppa på avdelingsmøte i forkant av medarbeidersamtale. Arbeidet med og få på plass nytt verneombod har vore vanskeleg, men me har hatt dialog med hovudverneombod Alina. Ved utgangen av 2023, var ikkje dette på plass.

### 1.5 Kompetanseutvikling

KAV har som mål å ha eit robust fagmiljø. Det har vore gjennomført kurs på Ås, “Prosjektering av mindre avløpsanlegg” for ein tilsett. Samt eit kurs i “Drift og service av minireinseanlegg”, som me hadde som mål i sist rapport om å få gjennomført. Me ønskjer eit robust fagmiljø som gjer det interessant og jobbe med dei oppgåvene me har, det er begrensa med kursmogelegheitar innan spreidd avløp så me prøvar å få med oss det som er relevant og vera oppdatert på nye føringar som kjem.

Dei to sist tilsette ved kontoret har Mastergrad frå Ås og har utdanning som er retta mot arbeidet me skal gjennomføre. Kontoret har fått god kompetanse inn, og det er mykje ein kan hente av kunnskap ved å ha interne drøftingar av nye problemstillingar.

Me har også vore med og få i gang Nettverk for mindre reinseanlegg kap. 12, og Nettverk for kap. 13 anlegg nasjonalt. Norsk Vann har tatt initiativet for og få dette i gang, men gruppene blir leia av medlemmane i nettverket. Dette er ein utruleg flott arena for å dele kunnskap på tvers av kommunar, og å få meir lik behandling av saker på tvers av kommunar i dei ulike delane av landet. KAV – Hallingdal har god nytte i fagleg oppdatering gjennom desse nettverksmøtane.

Fagdagar internt har kome godt i gang, men er flytta over på Teams, her under nettverksmøtane.

## 1.6 Fokusområde

Status for fokusområda ved årsskiftet :

- *Førebygge forureining, sikre eit godt vassmiljø og nå vedtekne miljømål - kontinuerleg arbeid*
- *Felles forskrift om utslepp i Hallingdal: Denne vart fjerna og behovet er avklart, me treng ikkje lokal forskrift for kap. 12*
- *Utarbeide tilsynsplan for alle kommunane: Tilsynsplanen vart politisk forankra i alle vertskapskommunane i 2023 (?).*
- *Oppdatering av Komtek-databasane er i gang. Kvar kommune har sin database og sakshandsamarane i KAV har tilgang til desse. Så korrekt database som mogeleg gir best utgangspunkt for tilsynsarbeidet. **Arbeidet er godt i gang og kvaliteten på opplysningane om anlegga i systemet blir stadig betra. Bilder frå slamtømming har vore eit stort løft, når det kjem til og kartlegge dei ulike anlegga.***
- *Sikre eit robust fagmiljø: Det er eit stort fagområde, ved å dra nytte av kvarandre sine styrkar **blir oppgåvane mogeleg å gjennomføre på ein god måte. Det har dessverre blitt mindre fagsamlingar enn tenkt. Kurs/Konferansar er no mogeleg og gjennomføre, og vil bli prioritert innanfor ramme sett i budsjett.***
- *Sakshandsamingsrutinar og malar. **Dette er på plass for dei områda me har bruk for malar.***
- *Sjekklistar for tilsyn og mal for rapportering. **Dette er på plass no, men blir stadig vidareutvikla***
- *Oppstart av kontrakt med ny slamreovatør. Me har fått på plass ny aktør, og har hatt vårt første år med ansvar for å følgje opp kontrakta. Me har fått erfaring frå første året og tek dette med oss vidare inn i 2024.*


## 2. Anlegga i Hallingdal

### 2.1 System

Komtek – me jobbar kontinuerlig med oppdatering av data i anleggsbasen vår. Det var lite informasjon om avløpsanlegga som er etablert i Hallingdal, men gjennom dokumenttilsyn samt fysiske tilsyn blir datagrunnlaget stadig betre. Jo betre grunnlaget er, jo enklare er det sette inn rett tiltak i sårbare områder.

Kommunekart proff – me nyttar kommunekart som kartgrunnlag, her har me fått lagt inn det kommunale avløpsnett, eigedomsinformasjon, spreidd avløp samt det som er registrert av drikkevasskjelder (Granada). Dette gjer det lettare og flytte seg i kartet mellom kommunane. Me har i tillegg fått inn alle avløpsanlegg som er registrert i komtek, inn i kommunekart proff. Dette er eit veldig bra verktøy for oss for kunne sjå på områder med spreidd avløp. Kartløysinga i komtek har svært begrensa skala som gjer det vanskeleg å få oversikt over større områder

Me har ikkje store endringane frå i fjor når det gjelder systema me arbeidar i. Det har fungert veldig bra.



1 Kommune kart proff, med avløpsanlegg. Eksempel bilde

I 2021 vart saksbehandling/arkiv-systemet skifta. Det har vore ein krevjande prosess med mykje feil i starten. I løpet av 2022 kan ein si at systemet fungerer. Søkemoglegheit og tilgang til historisk arkiv er blitt betre. Det påverkar fortsatt effektiviteten, men det går riktig veg og blir stadig betre.

Elements er fortsatt noko ustabil og har skapt ein del frustrasjon også inn i 2023. Dette er meldt vidare og det er ikkje berre for vår avdeling dette systemet ikkje har fungert tilfredsstillande.

## 2.2 Tilstand

Avløpsanlegga i Hallingdal har varierende tilstand. Det er over 6000 anlegg og me går utifrå at 30% krev utskifting av komplett anlegg. Ytterlegare 30% krev delvis utskifting. Me har som ambisjon at alle anlegg skal vera godkjent i tråd med dagens forskrift innan 2027, og seinast innan 2033. Dette er eit mål som praktisk kan vera utfordrande å gjennomføre. Det er mange eldre avløpsanlegg i Hallingdal, kostnaden for å utbetre avløpsanlegga er estimert til rundt 250 millionar og anleggseigar sjølv må ut med kostnaden. Det er store variasjonar, men gjennomsnittleg kostnad ligg på rundt 150 000,-. Med behov for stor aktivitet med utskifting og oppgradering av avløpsanlegg kan tilgang på prosjekterande og utførande vera ein flaskehals. Me prøvar å legge opp til fellesanlegg, samt opprydding i områder der det er naturleg med samarbeid.

Bruken av hytter har auka mykje dei siste åra, og det er etablert avløpsanlegg som er underdimensjonert grunna at belastninga ved etablering og i dag er ulik.

Med bildedokumentasjon frå slamtømmar, har me fått eit bra grunnlag for kunne vurdere tilstanden på anlegg. Det er variasjon frå kommune til kommune. Jamt over kan me si at tilstanden for anlegg til bustadar er dårlegare enn me først såg for oss. Jobben med opprydding i desse anlegga er stor, og vil pågå i mange år.

## 2.3 Målsetting

Her er nokon av måla våre som var sett for 2023, samt status.

### Måla for 2023:

- *Oppstartsmøte og dialog med ny entreprenør for slamtømming*
  - o *KAV skal vera med entreprenør ut i starten av tømme-sessongen. Dette for å få felles forståing for korleis me ønskjer merknadar skal registrerast og innarbeide at slamtømmar tek bilete av alle anlegga. I tillegg er det ein del ulike måtar og tømme minireinseanlegg på.*
    - KAV har vore med ut på fleire tømningar i år. Det har ikkje blitt gjennomført god nok opplæring i felt, men dei avvika og bileta som har kome inn har vore tilfredstillande. Det har potensiale for å bli enda betre for kommande sesong sjølv om det er eit bra første år.
    - Oppstartsmøte og oppfølging av kontrakt, har gått veldig bra i 2023. Dette var nytt for kontoret og følgje opp. Saker som har oppstått under året har blitt tatt fortløpande.
- *Områdekartlegging i kor enkelt kommune. Her vil miljøtilstand i resipient vera førande eller at me har lite informasjon om anlegga i eit område.*
  - Område kartlegging, samt tilsyn med enkelt anlegg vart gjennomført i tråd med plan, med unntak av Myking området i Nesbyen grunna Hans som skapte utfordring i August.
- *Fysiske tilsyn med kap. 12 og 13 anlegg.*
  - Det har blitt gjennomført fleire fysiske tilsyn, herunder også god oppfølging av bilder som er teke i felt av slamtømmar.
- *Opprydding i spreidd avløp – komme godt i gong, med pålegg om utbetring.*
  - o *Omfattande arbeid, tilsynsplan sett føringane for korleis me gjennomfører arbeidet.*
    - Det har blitt sendt ut mange pålegg om utbetring av avløpsanlegg. Dette arbeidet vil fortsette fram i tid, det er mange anlegg og tidkrevjande arbeid.
  - o *Handlingsplan for tilsyn blir utarbeida før tilsyns-sessongen. Denne blir publisert på heimesida, saman med tilsynsplan og årsrapport.*
    - Handlingsplan er fulgt i alle kommunane, med unntak av det som er berørt av Hans.
- *Oppdatere heimesida*
  - Nettsida er revidert og oppdatert. Ny informasjon blir lagt ut fortløpande.

## Måla for 2024:

- **Områdekartlegging**
- **Førehandsvarsel og pålegg om utbetring, følgje opp tidlegare pålegg.**
- **Tilkopling kommunalt nett.**
- **Oppdatere heimesida.**
- **Tilsyn med kap. 13 anlegg**
- **Tilsette ny i stilling for Nesbyen og Flå**

## 2.4 Slamtømming

Slamtømming blir i dag gjennomført av Telemark Godslinjer. Me har god dialog med Telemark Godslinjer (TG) som tek seg av vaktordninga og all ekstratømming i Hallingdal, og er no einaste leverandør av denne tenesta. KAV tok i 2023 over oppfølging av ny kontrakt. Overgangen til at TG hadde total-ansvaret i Hallingdal har gått greitt, det er god dialog og saker som oppstår blir teke fortløpande. Det har vore noko utfordring med oppstart, dette blir teke tak i kommande år og me håpar dette betrar seg i 2024.

Endring av tømmeffrekvens for alle anlegg vart gjennomgått før ny kontrakt. Me meina dermed å ha god kontroll på at anlegg blir tømt riktig og til riktig tid. Grunnlaget i komtek blir betre og betre, noko som resultera i betre kontroll på tømning av anlegg.

Det var eit stort etterslep av merknadar knytt til slamtømming. Det var tydeleg at kvar enkelt kommune ikkje har hatt nok kapasitet til å følgje dette opp tidlegare. Me jobbar med å lage rutine for korleis dei ulike merknadane skal behandlast. Td. skal øydelagte lokk/dårlege lokk takast med ein gong det blir meldt inn. Dette grunna fare for at menneske/dyr kan falle nedi. Merknad om manglande tømning skal også følgjast opp i sesongen. Andre merknadar som ikkje krev rask handling eller tilsyn, blir fulgt opp vinterstid når me har meir ledig tid. Fysisk tilsyn med avløpsanlegga må gjennomførast på barmark.

Status for 2023 – Når det kjem til merknadar, har me no fått svært mykje og følgje opp grunna bilder som blir sendt inn i systemet er registrert som merknad/avvik. Desse vil bli teken i takt med opprydding og kapasitet. Dei er heller ikkje noko som er hast med og få lukka.

Merknadar som krevjar rask handling for eksempel dårleg lokk, blir teke fortløpande. Vidare er det graden av alvorlighet som setter føringa for kor raskt me må handle. Me har i dag kapasitet og rutinar som gjer at me ikkje har noko merknadar som er til fare for omgivnaden. Likeins er det mykje dårlege anlegg, og dei må takast jf. tilsynsplan.

. Det blir no teke bildar etter endt tømning, oppfølging av desse har skapt stor arbeidsmengde for kontoret. Men dette er utruleg verdifull informasjon og har frigjort mykje tid i forhold til tilsyn med anlegg i felt. Anlegg som ved billedokumentasjon openbart ikkje tilfredstillar forskrift treng me dermed ikkje føre fysisk tilsyn med. Har ikkje slamavskiljaren botn, så er dette eit anlegg som skal utbetrast. Dette kan me ikkje sjå i felt, men bilete av tømt anlegg viser dette svært godt.



### 3. Tilsyn og søknadsbehandling

Her er tala frå søknader som vart handsama i 2023, det har vore stor nedgang i saker. I forprosjektet i 2019 vart det lagt til grunn eit estimat på 220 søknadar i året, no har me gått ned til nesten 1/3 del. Dette er noko grunna stor nedgang i hytteutbygging, samt at mange hytter i dag blir bygd i etablerte felt med felles reinseanlegg. Med bakgrunn i pålegg sendt i fjor, vil talet på sikt gå mykje oppda innbyggjarane skal rehabiliterare avløpsanlegga sine. Det har teke noko lenger tid og komme i gang enn først tenkt, men i åra framover vil pålegg om rehabilitering av avløpsanlegg få større innverknad på saker til behandling.

Kommune	Utslippsøkn. kapittel.12	Utslippsøkn. kapittel 13
Flå	11	
Nesbyen	15	
Gol	22	2
Hemsedal	12	
Ål	20	

#### 3.1 Søknadsbehandling

Overgang til nytt sak/arkiv system var krevjande i 2021 og vedvarte med problem inn i 2022 og 2023, men dette gjekk ikkje utover fristen for behandling av søknadar. *I 2022 har det totalt sett i Hallingdal halvert seg med talet på søknadar. Det er mindre utbygging av hyttar i 2022 enn tidlegare, spesielt samanlikna med pandemi åra.* Avsnittet står frå i fjor, då denne trenden fortsette inn i 2023 og det er ikkje noko som tyder på stor auke i 2024. Det har vore markant nedgang i søknadar for nye hytter, samt at det som blir bygd ligg innanfor etablerte felt. I 2023 kom arbeidet med opprydding i spreidd avløp godt i gang, og dette vil på sikt føre til fleire søknadar. Fristen for dei pålegga som vart gjeve i 2023, går inn i 2025 og me vil på sikt kunne sjå konsekvensen av dette arbeidet.

Oppfølging av ferdigattestar er eit kontinuerleg arbeid. Det er ikkje alltid søkjar får beskjed frå utførande at etableringa av anlegget er gjennomført. Me har fått gode rutinar på og gå gjennom gamle saker i vinterhalvåret, me har ikkje mange saker der me manglar ferdigattest for løyver som ikkje lenger er gyldig. Eit løyve er gyldig i 3 år etter det er gjeve, dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan denne fristen må eigar få beskjed om dette og søke på nytt.

Manglande ferdigattest fører til at anlegget ikkje blir lagt inn for tømning, og kan på sikt skade anlegget ved at slamflukt oppstår.

#### 3.2 Tilsyn og kartlegging

I 2023 hadde me tilsyn med enkeltanlegg i Gol og Hemsedal, med fokus på anlegg til bustad som ikkje tilfredstiler reinsekrava. Det var også tilsyn med ein del minireinseanlegg. I dei resterande kommunane er me no i gong med områdekartlegging med geografisk avgrensing. Dette har vist seg og vera veldig fint, då me også fangar opp relativt nye anlegg som har mindre feil der eigar sjølv lett kan rette opp feila. Dette gjer at levetida på anlegga blir forlenga og eigar kan gjera små grep utan stor kostnad. Eigedomar med anlegg som ikkje er registrert med utslepp blir også registrert ved områdekartlegging. I dei kommande åra vil tilsyn med geografisk avgrensing vera vegen og gå, dette er mest effektivt også med tanke på køyring. Det er store avstandar i Hallingdal.

Arbeid med tilsynsplanen vart sluttført tidleg 2023 og vart politisk forankra på våren i alle kommunane. Dette er eit styringsverktøy som skal nyttast for å seie noko om korleis me skal arbeide framover. I tillegg blir det laga ein handlingsplan for kvar enkelt kommune for tilsynsesongen.

#### Bakgrunn for tilsyn og kartlegging

- Slamtømmemerknader
  - Bilder teke etter endt tømming har stor verdi for oppryddingsarbeidet
- Resipientvurderingar
- Fortetting av hyttefelt
- Opprydding i spreidd avløp
  - Arbeidet er no godt i gong, og det vil bli gjeve mange pålegg i kommande år
- Melding frå publikum om anlegg som er dårlege
- Avløpsanlegg med ukjent innhald. Oppdatere kontekst

## 4. Budsjett og rekneskap

Me har begynt å få oversikt over korleis det ligg ann for økonomi og budsjett. Den økonomiske situasjonen har endra seg jamt over, og prisindeksen har auka voldsomt. Me har bygd opp eit fond, noko med bakgrunn i underbemanning. Me har dermed fastsett hausten 2023, at me må redusere fondet. På sikt vil gebyra gå opp mot nivået det tidlegare har vore, men då sjølvkost skal balanserast på ein 5 årsperiode må me no redusere og gå med underskot.

### Ny gebyr satsar:

	Tekst	2023	2024
a	Timepris kontor kr 1 100.-	1100	750
b	Timepris felt kr 1 100.-	1100	750
c	Tilsyn av små avløpsanlegg < 50 personekvivalenter (pe), kap 12 pris årleg gebyr	500	350
d	Tilsyn av større private avløpsanlegg 50-2000 pe, kap 13 pris årleg gebyr	medgått tid	Sjå eigen tabell
e	Tilsyn oljeutskillere	medgått tid	medgått tid
f	Saksbehandling VA-plan	medgått tid	inkludert i bygge-utsleppsak
g	Saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad <50 pe	8500	4500
h	saksbehandlingsgebyr for behandling av utslippssøknad 50-2000 pe	medgått tid	Årleg gebyr

### Gebyr sats for kap. 13:

Gebyr	tal på PE
2500	50-100
4000	100-250
7000	250-500
9500	500-1000
11000	1000-1500
15000	1500-2000

## 4.1 Rekneskap og budsjett 2023

Ansvar	Art		Regnskap	Budsjett
8680	10100	Fast løn	2 666 142	2 130 000
8680	10509	Løn, overskot på godtgjersle	1 565	0
8680	10510	Trekkpliktig tenestetelefon	8 052	0
8680	10597	Motteke refusjon frå NAV	470 729	0
8680	10598	Motpost sjukelønsrefusjon	-470 729	0
8680	10599	Motpost skattepliktig fordel	-12 245	0
8680	10900	Pensjonsinnskot KLP	428 232	351 000
8680	10902	Forsikringar, kollektive	4 193	0
8680	10990	Arbeidsgjevaravgift	279 570	263 000
8680	11150	Matvarer (bevertning)	483	0
8680	11200	Renholds- og renovasjonsartiklar, verneutstyr	5 120	5 000
8680	11202	Velferdstiltak tilsette	2 176	0
8680	11209	Anna forbruksmateriell/råvarer/teneste/anna materiell	10 732	0
8680	11300	Porto, telefoni, datakommunikasjon, bank- og datatenester	14 803	0
8680	11400	Informasjon, annonsering, reklame og profilering	2 850	0
8680	11500	Opplæring	58 489	50 000
8680	11600	Skyss- og kostgodtgjersle	3 533	0
8680	11700	Skuleskyss og andre kjøpte transporttenester	291	0
8680	11709	Andre driftsutgifter transportmidlar/maskiner	2 391	0
8680	11900	Husleige, leige av lokaler	64 225	84 000
8680	11950	Kontingenter, lisensavgifter, gebyr o.l.	49 049	0
8680	12000	Inventar, kontormaskiner, IT-utstyr, anna utstyr m.m.	16 095	12 000
8680	12006	Bøker, bibliotek	200	0
8680	12100	Kjøp, leige og leasing av transportmidler	102 544	105 000
8680	12200	Kjøp, leige og leasing av maskiner	5 225	0
8680	12309	Øvrige kostnader/avgifter	4 315	0
8680	12401	Reparasjoner, drifts- og anleggsmiddel	1 666	0
8680	12600	Renholdstenester	23 424	0
8680	12700	Andre tenester	56 553	0
8680	13500	Kjøp frå andre kommuner	0	400 000
8680	14290	Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	68 152	0
8680	16200	Avgiftsfritt sal av varer og tenester	-1 046 151	-3 200 000
8680	17100	Sjukelønnsrefusjonar	-479 427	0
8680	17290	Kompensasjon for merverdiavgift	-68 152	0
8680	17500	Refusjon frå kommunar	-2 672 592	-200 000

## 4.2 Budsjett

Budsjettet for 2024 er utarbeidd. Me får stadig betre grunnlag for og kunne fastsette gebyr for kontoret. Det har vore ein jobb og finne ut kor mykje tid me nyttar på dei ulike sjølvkostområda. Dette begynnar å bli meir tydeleg, og gebyra vil dermed bli meir riktige.

Ansvar	Art	Namn	Budsjett
8680	10100	Fast løn	2 688 609
8680	10510	Trekkpliktig tenestetelefon	6 000
8680	10597	Motteke refusjon frå NAV	0
8680	10598	Motpost sjukelønsrefusjon	0
8680	10599	Motpost skattepliktig fordel	0
8680	10900	Pensjonsinnskot KLP	451 000
8680	10902	Forsikringar, kollektive	4 000
8680	10990	Arbeidsgjevaravgift	363 000
8680	11200	Renholds- og renovasjonsartiklar, verneutstyr	5 000
8680	11202	Velferdstiltak tilsette	1 200
8680	11209	Anna forbruksmateriell/råvarer/teneste/anna materiell	11 000
8680	11300	Porto, telefoni, datakommunikasjon, bank- og datatenester	15 000
8680	11400	Informasjon, annonsering, reklame og profilering	0
8680	11500	Opplæring	50 000
8680	11600	Skyss- og kostgodtgjersle	2 000
8680	11700	Skuleskyss og andre kjøpte transporttenester	0
8680	11709	Andre driftsutgifter transportmidlar/maskiner	4 000
8680	11900	Husleige, leige av lokaler	89 040
8680	11950	Kontingenter, lisensavgifter, gebyr o.l.	30 000
8680	12000	Inventar, kontormaskiner, IT-utstyr, anna utstyr m.m.	20 000
8680	12100	Kjøp, leige og leasing av transportmidler	105 000
8680	12200	Kjøp, leige og leasing av maskiner	0
8680	12600	Renholdstenester	30 000
8680	12700	Andre tenester	0
8680	13500	Kjøp frå andre kommuner	0
8680	14290	Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	0
8680	16200	Avgiftsfritt sal av varer og tenester	-700 000
8680	17100	Sjukelønsrefusjonar	0
8680	17290	Kompensasjon for merverdiavgift	0
8680	17500	Refusjon frå kommunar	-2 400 000

## 4.3 Fondsoversikt

For å ha oversikt over inntening av gebyr/sjølvkost fører me timar i kvar enkelt kommune jf. sjølvkost.

Endring for måten me førte timar på i 2022 og framover er at me ser saksbehandling under eit for kommunane. For å kunne ha oversikt blir det ført timar i kor enkelt kommune, men for å utrekne gebyr slår me timane saman. Dette blir mest riktig for sluttbrukar og kommune då dei tilsette jobbar på tvers av kommunane. Ein ny tilsett vil naturlegvis bruke lenger tid på saksbehandling enn ein som har vore tilsett over ein lenger periode. Dette skal ikkje den enkelte kommune "tene eller tape" på. Ein vil også bruke lenger tid på saksbehandling i ein anna kommune enn den ein jobbar i til vanleg. For og jamne ut forskjellar ser me saksbehandlinga under eit.

Me ser etter 2023, at ovannemnte fordeling har vore mykje betre for kor enkelt kommune. Dette var eit bra tiltak for sikre like gebyr på tvers av kommunane.

For tilsyn som me krev inn årleg er det ikkje mogeleg å rekne gebyr på denne måten, her fører me timar for kor enkelt kommune og me styrer timebruken utifrå kor stort fondet er. Da lønn er den største utgifta for kontoret, vil tida vi brukar i kvar enkelt kommune vera avgjerande for kor stort fondet blir. Har me brukt opp midlane i ein kommune, vil dei tilsette føre meire tilsyn i ein annan kommune. På denne måten sikrar me at alle får det dei betalar for. Det er heller ingen stor forskjell i tidsbruk når det kjem til tilsyn.

### 4.3.1 Bakgrunn for fond

#### **Saksbehandling:**

Med bakgrunn i tilsette som har jobba ei tid, har timebruken på utsleppsløyver gått ned og me kan dermed redusere gebyret, samt at det har også vore mindre søknadar i 2023. Talet på søknadar vil auke i tråd med at me gjev pålegg om utbetring av anlegg. Me ser at fondet for saksbehandling har ein auke, og me vel å redusere saksbehandlingsgebyret for 2024. Dette er også fint med tanke på dei som har fått pålegg om utbetring, da kostnaden for søknaden vil vera med og redusere total kostnaden for nytt anlegg.

Fondet for saksbehandling er i dag på 790 325,-

#### **Tilsyn:**

Grunna sjukdom og underbemanning har me ikkje arbeida godt nok med tilsyn i alle kommunane, dette vil naturlegvis føre til auke i fond med unntak av i Flå og Gol kommune, som har ein reduksjon av fond for 2024. Dette vil føre til at me må prioritere meir arbeid i dei andre kommunane i 2024. Me har ikkje negativt fond for nokon av kommunane pr. 01.01.2024.

Me har eit ønskje om å ha like gebyr i alle kommunane, sjølv med reduksjon i fond for 2 kommunar, vil gebyret også bli redusert der. Me vil styre timebruken i dei aktuelle kommunane utifrå fondet. Ål og Hemsedal har desidert det største fondet, og me vil bruke meir tid i desse kommunane i 2024.

Me har også no som nemnt tidlegare innført gebyr for dei store anlegga, og me skal ha meir fokus på desse anlegga framover.

<b>Fondsoversikt</b>	2023	2023	2023	2023	2023	2023
	Etterkalkyle selvkost Saksbehandling felles	Etterkalkyle tilsyn selvkost Nesbyen	Etterkalkyle tilsyn selvkost Flå	Etterkalkyle tilsyn selvkost Hemsedal	Etterkalkyle tilsyn selvkost Gol	Etterkalkyle tilsyn selvkost Ål
<b>Timer</b>	<b>712:18:00</b>	<b>553:45:59</b>	<b>381:18:57</b>	<b>593:21:28</b>	<b>1192:08:58</b>	<b>1111:40:39</b>
16210 Gebyrinntekt saksbehandling felles						
17*** Refusjoner	69 716	58 715	39 286	61 131	122 823	114 532
<b>Driftsinntekter</b>	<b>773 891</b>	<b>551 465</b>	<b>249 286</b>	<b>707 131</b>	<b>812 823</b>	<b>925 032</b>
10*** Lønn	490 853	413 393	276 598	430 409	864 760	806 388
11*** Varer og tjenester	29 579	26 789	17 478	28 427	54 771	51 718
12*** Varer og tjenester	15 387	31 191	16 533	37 677	52 940	55 622
13*** Tjenester som erstatter kommunal tjenesteprod.	0	0	0	0	0	0
<b>Direkte driftsutgifter</b>	<b>535 819</b>	<b>471 373</b>	<b>310 609</b>	<b>496 514</b>	<b>972 472</b>	<b>913 728</b>
Direkte kapitalkostnader	0	0	0	0	0	0
Indirekte kostnader	0	0	0	0	0	0
<b>Driftskostnader</b>	<b>535 819</b>	<b>471 373</b>	<b>310 609</b>	<b>496 514</b>	<b>972 472</b>	<b>913 728</b>
+/- Bruk av/avsetning til bundne fond	0	0	0	0	0	0
+/- Overstyring bruk av/avsetning til selvkostfond						
Samlet selvkost (Gebyrgrunnlag)	466 103	412 659	271 323	435 383	849 649	799 196
<b>Resultat</b>	<b>238 072</b>	<b>80 091</b>	<b>-61 323</b>	<b>210 617</b>	<b>-159 649</b>	<b>11 304</b>
Selvkostgrad (%)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
<b>Selvkostfond 01.01</b>	<b>524 602</b>	<b>297 575</b>	<b>79 037</b>	<b>411 546</b>	<b>314 787</b>	<b>789 945</b>
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	238 072	80 091	-61 323	210 617	-159 649	11 304
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	27 651	14 504	2 078	22 204	10 094	34 179
<b>Selvkostfond 31.12</b>	<b>790 325</b>	<b>392 170</b>	<b>19 792</b>	<b>644 368</b>	<b>165 232</b>	<b>835 428</b>

Røde tal i reknskapet tydar på at me har klart og bruke opp av fondet. Likeins er det positivt fond i alle kommunane ved årsavslutning. Dei kommande åra, skal me jobbe for og minske fondet i alle kommunane, då dette skal balanserast jf. selvkost på ein 5 års periode. Me styrar timebruken i dei ulike kommunane utifrå fondets storleik. Dette for og sikre like gebyr i dei ulike kommunane.

#### 4.4 Faktura

Med det nye sak/arkiv systemet kom det også inn ein modul for fakturering. Det gjer det mogeleg for KAV sine tilsette og lage fakturagrunnlag direkte i Elements, på denne måten blir det mindre arbeid for sekretariatet i kvar kommune, og det gjer det likt i alle kommunar.

## 5. Informasjon

Eit mål for KAV er å sikre god informasjonsflyt ut til publikum. I 2023 har me oppdatert nettsida, og denne skal det vera lenke til for alle kommunane som er ein del av samarbeidet. Ved skifte av leverandør, tok det litt tid i å få opplæring i ny nettside. Dette er no i orden og sida blir oppdatert kontinuerleg når det kjem ny informasjon. Me jobbar stadig for bli meire synlege ut til publikum. Arbeidet med tilsyn og opprydding er godt i gang, og me har stadig meir kontakt med publikum.

### 5.1 Varsel og rapportering

I 2023 var det ein del uvarsla tilsyn/kartlegging. Dette grunna at me førte tilsyn med geografiske områdar og med anlegg som ikkje nødvendigvis var øydelagde eller hadde merknadar. Då det er mange anlegg i eit område, vil det vera tidkrevjande å varsle alle. Områdetilsynaer ofte knytt til fritidsbustadar, og det er liten aktivitet i mange av områdene sumarstid.

Varsla tilsyn, blir nytta der me ønskjer at eigar skal vera tilstede, eller det er eit konkret anlegg me skal føre tilsyn med. Kap. 13 anlegg blir alltid varsla før tilsyn da slike anlegg ofte er innandørs og med lås.

For område der me ser det tent med felles løysing, vil det bli sendt ut felles rapport til alle eigarane. Dette for og sikre lik informasjon, samt at det kan vera enklare og opprette dialog når ein ser at naboen også har fått same pålegg.

## 6. Oppsummering, prioriterte arbeidsoppgåver framover

- Kartlegging og tilsyn i geografisk avsette område. Me har fått betre grunnlag for kva område som har redusert miljøtilstand. Arbeidet framover vil bli prioritert i desse områda, eller i område der det openbart ikkje blir kommunalt/felles avløpsanlegg i nær framtid.
- Eldre avløpsanlegg for bustad skal rehabiliterast/sanerast
  - o Bilde dokumentasjon etter endt tømning er eit supert supplement til dette arbeidet. Innan neste år skal alle bustadar ha fått dokumentert sitt anlegg. Då slike anlegg blir tømt anna kvart år.
- Handsaming av nye søknadar om utsleppsløyve
  - o Me håpar det tek seg opp med søknadar i tida fremover.
- Fortsette dokumenttilsyn og oppdatering av Komtek
- Opplæring av nyttilsett første halvår
  - o I 2023 fekk me 2 nyttilsette, i 2024 har me søkt etter ein til etter at ein tillsett gir seg i juni 2024.
- Kompetanseheving for eksisterande tilsette med aktuelle kurs og fagsamlingar
- Følgje opp kontrakt for slamtømming, nytt anbod er lyst ut og ny entreprenør som er på plass frå 01.03.2023
  - o Ny entreprenør er på plass og me har fått eit år med oppfølging av kontrakt. Dette har vore utfordrande, men også gått veldig bra.



## 7. Sluttkommentar

I 2023 vart det tilsett 2 nye, dette grunna sjukemelding og at saksbehandlar for Hemsedal slutta etter kort tid ved kontoret. Me ønskja også ei ny stilling som skulle følgje opp kap. 13 anlegg. Sjølv om me ikkje er fleire tilsette enn då me starta har me no kommen meir over i driftsfase der det er enklare å kartlegge behovet ved kontoret, og nytte ressursane på ein god måte. Me har no dei tilsette me treng for og kunne jobbe effektivt med dei oppgåvane me har, det vil bli gjort vurdering om me treng ein tilsett til for oppfølging av oljeutskillare, denne vurderinga vil bli gjort i løpet av 2024.

Det at me fekk inn i slamtømmekontrakt at det skulle takast bilder av alle anlegg, har frigjort mykje tid i forhold til fysisk tilsyn med eldre avløpsanlegg, som openbart ikkje tilfredstiller forskrift. Ein synkekum (Anlegg utan botn), må skiftast ut. Etter bilder frå endt tømning ser ein tydeleg anlegg der det ligg stein i botn.

Me har fått fin flyt i arbeidet, og me har begynt sende ut mange pålegg om utbetring av avløpsanlegg. Sjølv om me som mange andre fekk utfordringar med Hans i august, har me jobba kontinuerleg i kvar enkelt kommune med dei måla som var sett. Me rakk dei fleste måla, med unntak i Nesbyen, der vegen opp Rukkedalen ikkje var framkommeleg.

Me fekk også i 2023, tilsynsplan ferdigstilt og me har fått den politisk forankra våren 2023. Det gjer at arbeidet med opprydding i spreidd avløp går mykje enklare. Då me har politisk støtte i arbeidet som blir gjennomført.

Då hytte marknaden har fått ein kraftig brems, håpar me fleire av entreprenørane og rørleggarar ser nytten i og koma meir inn på marknaden med rehabilitering av VA. Det hjelper ikkje å sende ut fleire pålegg enn det marknaden kan ta unna.

Ål 01.03.2024

*Glen Arvid Valstad*

Avdelingsleiar for KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning Hallingdal